

Løyperekordane i fare imorgon

30.05.2015

Dei solide løyperekordane står i fare imorgon erklærer ski- og friidrettsgruppa framfor Solfjelløpet. Margunn Eiks rekord er 52,09 og noteringa til Erlend Drivenes var nede i 40,26 i fjor. Forhåndspåmeldinga kunne ha vore betre, men det er fleire spennande namn på lista.

DET ER DELTAKARAR FRÅ 71GRADER NORD OG NORDISK JUNIORMEISTER PÅ SKI SOM VI HEILT SIKKERT VIL SJÅ MYKJE TIL I FRAMTIDA.

Gruppa har heilt på tampen gått opp på alderen til 15 for dei som finn 5,3 kilometer for langt og eller vil springa Minisofjell på 2,5 kilometer som startar midtvegs - på Storhaug 538 meter over havet.

Førehandspåmeldinga er stengt, men det er framleis mogeleg å melda seg på- Det kan skje på Haugland (Pålatunet) frå klokka 10 og fram til løypestart klokka 12.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen